

KJØPEKONTRAKT

mellom Lorentz Spurkeland Kjenes 5103 Seim, eigar av gnr. 176, bnr.1 i Lindås kommune, og Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselekap I/S, (heretter kalla NGIR), 5150 Lindås.

1. I samband med godkjent reguleringsplan for avfallsanlegget i Kjevikdalen får NGIR kjøpa eit areal på omlag 8,4 da.
NGIR får hermed fullmakt til å søkje om oppmåling og kartforretning av arealet.
2. Arealet vert betalt med kr. 14,50 pr. m². Av dette er kr. 1,50 pr. m² ulempeserstatning/verdireduksjon for tilstøytande areal.
3. NGIR betaler ut 90 % av summen ved inngåing av denne kontrakt.
Endeleg oppgjer vert utbetalt mot underskrive skøyte og i samsvar med målebrev over arealet. NGIR ber kostnadene med frådelling og overdraging.
4. Grunneigarane får til saman 2000 m³ stein, opplasta frå deponi, til bruk i felles skogsveg langs sjøen i Rydlandsvågen.
5. NGIR har gjerdeplikt i ny grense mellom anlegg og hovudbruk. Det skal vere opning i gjerdet m/portar slik at grunneigarane får tilgang til drift av skogen.
6. Grunneigarane har rett til å nytta opparbeidd veg til lagerplass for tømmer, og vidare til sjøen dersom vegen vert bygd.
7. Det skal setjast ut nye grensemerker i skilje mellom grunneigarane i den nye grenselina.
8. Denne kontrakt er sett opp i to eksemplar, eit til kvar av partane, og NGIR kan tinglyse denne.

Kjevikdalen, 1997

Lorentz Spurkeland Kjenes

personnr.

for NGIR I/S